

## MARIA BODSKAPSDAG

Nettpreike frå Kvam

ved sokneprest Roar Strømme

Luk 1,26-38.

«Til oss som ikkje er sjølvhjelpete»

Dette er ei absurd historie som møter oss på Maria bodskapsdag. Ut av det store inkje, vert ei ukjend, ung kvinne, truleg tenåring, påkalla av Gud sjølv. Ja, ikkje nok med det: Ho får melding om at ho skal bli mor til Guds son, som engelen seier.

Vi kan godt skjønne at ho vert både sjokkert og forundra, som Skrifta fortel oss. Dette er jo totalt ubegripeleg. Ikkje berre for Maria, men også for oss. Men Maria reagerer på ein måte som er til å ta lærdom av. For når ho er komen over verste sjokket, så let ho det beint fram stå til: "Eg er Herrens tenestekvinne. Lat det gå meg som du vil", som ho seier. Slik tar ho i mot dette som er kome til henne. Ja, ho overgjev seg til Gud, og til det som han bokstaveleg tala vil skape i henne: Eit nytt liv.

Slik er ho blitt mor til alle truande. Ikkje berre fordi ho vart mor til Jesus, men fordi ho viser oss kva kristen tru i siste instans er: Å ta imot Guds gode gåver til oss. Og av alle desse gode gåvene er Jesus Kristus den største. *Trua handlar om å ta i mot.* Det viste Maria oss, og det takkar vi henne for.

Så kan seie: Er det så eineståande og spesielt å ta imot? Det er vel ikkje noko som er lettare enn det. Ja, er det det? For meg synest det vanskeleg nok å ta imot i allmenn forstand, og enda meir i åndeleg forstand. Dei færreste av oss likar å vere mottakarar, for ikkje å snakke om å vere avhengige av det andre gjev oss. Då blussa stoltheita opp i oss.

Det jo på mange måtar ein sunn reaksjon, og uttrykk for at vi vil ta ansvar for oss sjølve og vårt eige liv. Men vil vi vere sjølvhjelpete overfor alt og alle, vert vi bokstaveleg tala hjelpelause, når vi treng det mest. Det får vi ei kraftig påminning om i desse tider. Vi trudde jo at vi hadde kontroll på det meste, ja, var nærast usårbare. Og så vart vi i løpet av nokre dagar utleverte til krefter som vi ikkje rår med, gjennom pandemien som herjar verda.

Når alt dette vonleg ein dag vonleg er over, kan det midt i det tragiske vere ein lærdom å hente. Ein lærdom om at vi er ikkje sjølvhjelpete i alle ting. Ja, om kor avhengige vi er,- av andre og av Gud. Gud gje at vi kunne lære dette også i dei gode tidene! Ja, at dette kunne prege vårt åndelege liv: Vi er mottakarar, som Maria var det.

Vi møter det i budskapet til Maria. Men vi møter det også i hennar reaksjon på denne budskapet. For når ho var fått fordøye litt dette som ho har fått melding om, bryt ho ut i lovsong, og seier: *”Mi sjel høglovar Herren, og mi ånd frydar seg over Gud, min frelsar. Han gjorde storverk med sin sterke arm; han spreidde dei som bar på hovmodstankar. Han støyte stormenn ned frå trona, men lyfte opp dei låge. Han metta dei svoltne med gode gåver, men sende dei rike tomhendte bort. ”*

Slik har ho lært Gud å kjenne. Og slik har vi lært Gud å kjenne. Maria er den fremste i rekkja av fattige, undertrykte og avmechtige, som med takk har tatt imot Guds gåve i Jesus Kristus, til liv og oppreising. Vi ser det i dei som tok imot evangeliet, slik Bibelen fortel oss. Ja, vi ser det gjennom heile kyrkjesoga. Dei som tydelegast har vore mottakarar og reiskap for Guds gode gjerning i verda, finn vi ikkje mellom denne verda sine mechtige. Igjen og igjen ser vi kor vanskeleg det har vore for dei som har hatt hendene fulle av pengar og makt, å opne dei for å ta imot Guds gode gåve og gjerning i Jesus Kristus. Slik finn vi det same mønsteret i Guds handlingar som Maria fann: ”At han støyter stormenn ned, men lyftar dei låge opp. Han sender dei rike tomhendte bort, men mettar dei svoltne med gode gåver”, som ho seier.

Vi høyrer ofte jo ofte at kyrkja må passe på å vere på rett side av historia. Som oftast vert det tolka som at kyrkja fylgja utviklinga, elles vert ho liggande att på historia sin skraphaug, som det gjerne vert sagt. Men kyrkja sitt kall er ikkje å vere på rett side av historia, men å vere på rett side av Gud: Mellom Maria sine likesinne, dei fattige, dei undertrykte, dei som lir, dei sjuke, dei funksjonshemma. I det heile dei som ikkje ris i veret og meiner seg å vere sjølvhjelpete. Men som lengtar etter oppreising, etter rettferd, etter nåde, ja, etter Gud. Hos desse, som ikkje set si lit til eiga makt og eiga kraft, men ropar til Gud i si naud, har han lova å vere. Der er det vi høyrer heime. Som mottakarar av Guds nåde, og som utøvarar av Guds gjerningar.

Nokon har sett og kjent dette klarare enn andre. Ein av dei er diktar, humorist og spelemann Jimmy Øvredal frå Hegglandsdalen, som nyleg samla eit fullt kyrkjelydshus til kulturkveld i Strandebarm. I eit av dikta som han las der lyder det som eit ekko av Maria sin lovsong:

*Gje meg dei veike i verda – dei vanvørde, svake små  
Som synte ein stålsett styrke – den dagen det røyner på.*

*Gje meg dei stille i verda – flokken av enkle ord,  
Som takkar for turre tigger og fred ved sitt vesle bord.*

*Gje meg dei minste i verda – som veit dei er korn i sand  
Men smiler mot stjernekvelden – som om dei åtte han.*

*Gje meg dei hardt forfylgde – som fattar kva fridom er  
Som lever frå time til time –med døden så altfor nær.*

*For Meisteren valde seg desse –og gjorde til skammar slik  
den skråsikre, skarpe, sterke – som trudde seg trygg og rik.*

Difor overgjev vi oss sjølve og den verda vi lever i til Gud, i bøn om at hans gode vilje må skje både i oss og kring oss. Ja, at vi alle ikkje må setje vår lit til eiga makt og kraft, men ta imot Guds kjærleik som han sender oss i Jesus Kristus. Slik Maria gjorde. Ho som opna seg for Guds gjerning i hennar liv. Og slik bar inn i verda, han som har makta og æra i all æve. Amen.